

RÅDSFORORDNING (EF) nr. 1629/98**av 20. juli 1998****om endring av forordning (EØF) nr. 2332/92 om musserende viner produsert i Fellesskapet og forordning (EØF) nr. 4252/88 om framstilling og markedsføring av sterkviner produsert i Fellesskapet(*)**RÅDET FOR DEN EUROPEISKE UNIONEN
HAR —

med tilvising til traktaten om skipinga av Det europeiske fellesskapet, særleg artikkel 43,

med tilvising til framlegget frå Kommisjonen⁽¹⁾,med tilvising til fråsegna frå Europaparlamentet⁽²⁾,med tilvising til fråsegna frå Økonomi- og sosialutvalet⁽³⁾
og

ut frå denne synsmåten:

I artikkel 11 og 16 i rådsforordning (EØF) nr. 2332/92⁽⁴⁾ og artikkel 6 nr. 2 i forordning (EØF) nr. 4252/88⁽⁵⁾ er det fastsett eit høgste innhald av svoveldioksid i musserande vinar og sterkvinar. Etter dei førnemnde artiklane skal Kommisjonen innan 1. april 1998 leggje fram for Rådet ein rapport om dette innhaldet, saman med eventuelle framlegg. Dei tiltaka som det vert gjort framlegg om, bør vere i samsvar med andre tiltak som Kommisjonen må utarbeide utkast til. Difor bør den førnemnde fristen lengjast. Det same gjeld fristane i artikkel 4 nr. 2 i forordning (EØF) nr. 4252/88 —

VEDTEKE DENNE FORORDNINGA:

Denne forordninga er bindande i alle delar og gjeld direkte i alle medlemsstatane.

Utfërda i Brussel, 20. juli 1998.

Artikkel 1

I forordning (EØF) nr. 2332/92 vert det gjort følgjande endringar:

1. I artikkel 11 nr. 3 vert “1. april 1998” og “1. september 1998” endra til høvesvis “1. april 1999” og “1. september 1999”.
2. I artikkel 16 nr. 3 vert “1. april 1998” og “1. september 1998” endra til høvesvis “1. april 1999” og “1. september 1999”.

Artikkel 2

I forordning (EØF) nr. 4252/88 vert det gjort følgjande endringar:

1. I artikkel 4 nr. 2 vert “1. april 1998” og “1. september 1998” endra til høvesvis “1. april 1999” og “1. september 1999”.
2. I artikkel 6 nr. 2 vert “1. april 1998” og “1. september 1998” endra til høvesvis “1. april 1999” og “1. september 1999”.

*Artikkel 3*Denne forordninga tek til å gjelde tredje dagen etter at ho er kunngjord i *Tidend for Dei europeiske fellesskapa*.*For Rådet*

W. MOLTERER

Formann

(*) Denne fellesskapsrettsakten, kunngjort i EFT L 210 av 28.7.1998, s. 11, er omhandlet i EØS-komiteens beslutning nr. 73/1999 av 28. mai 1999 om endring av EØS-avtalens protokoll 47 om opphevelse av tekniske hindringer for handel med vin, se denne utgaven av EØS-tillegget til De Europæiske Fællesskaps Tidende.

(1) TEF C 87 av 23.3.1998, s. 15.

(2) TEF C 210 av 6.7.1998.

(3) TEF C 214 av 10.7.1998.

(4) TEF L 231 av 13.8.1992, s. 1. Forordninga sist endra ved forordning (EF) nr. 1594/96 (TEF L 206 av 16.8.1996, s. 35).

(5) TEF L 373 av 31.12.1988, s. 59. Forordninga sist endra ved forordning (EF) nr. 1594/96.